



AFA er ein utruleg allsidig bedrift. Til dømes trykker dei på alt mogeleg etter å ha anskaffa nye maskiner. Her er eit døme på det - bilete frå bygda på en kopp som er ei gåve frå Uskedalsposten.

- På ei maskin kan vi til dømes trykke på koppar, vatnflasker, lommebøker og bordbrikkar. To dømer på det første, seier dagleg leiar Tor Vidar Sæle, er koppar til Aker Solution og Kvinnheradmeisterskapen på ski. Eller kanskje nokon vil ha koppar med biletet sitt på - til bruk på skulen?

- Og så trykker AFA på t-skjortar, har vi sett...

- Jau, her er vi framleis i startfasen, men interessen aukar. Til dømes skal vi snart ut med refleksskjorter til Hobbyklubben og enda før skjorter til det store stillethæl-løpet på laurdag, fortel AFA-sjefen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)